

# Årsmelding

2022

Fusa sokn





## A. Innleiing

*"Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet".*

«Ordning for Den norske kyrkja» sin § 12

Det er soknerådet sitt arbeid å fokusere på dette, og det er Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd si oppgåve å ta seg av forvaltninga av kyrkjer og kyrkjegardar. Men begge råda må samarbeida godt for å gjera kvarande i stand til å gjera godt arbeid.

2022 starta med den siste nedstenginga i corona-pandemien. Elles har 2022 vore året der kyrkjelyden skulle «reisa seg» etter to år med pandemi. Det har sjølvsagt vore utfordringar knytte til dette, men mykje av kyrkjelydsarbeidet kom tilbake til normalen i løpet av 2022.

## B. Gudstenester

Gudstenestene skal vera pulsslaget i kyrkjelyden!

*Lat oss ikkje halda oss borte når forsamlinga vår kjem saman, som nokre har for vane, men lat oss setja mot i kvarandre..... (Hebrearane 10.25)*

2022 var det til saman 93 gudstenester og det var totalt 5169 til stades på gudstenestene, mot 4450 i 2021. Gjennomsnittstalet pr gudsteneste var om lag 56 deltakarar og talet på nattverdsgjester var 1166. Dette er noko oppgang i høve til 2021, som var prega av

pandemien, men det er likevel ikkje like gode tal som før pandemien.



Konfirmantpresentasjon i Fusa kyrkje.

Ein del lekmannsgudstenester vart haldne av kyrkjelydspedagogen og av dei skulerte frivillige medarbeidarane, både gudstenesteleiing og forkyning. I nokre bygder er tal deltakarar på vanlege høgmesse lågt, og synkande. Der det ser ut til at me har jamt høgast deltaking er gudstenestene på Eikelandsosen bedehus.



Familiemix på Eikelandsosen bedehus.

## C. Trusopplæring

Trusopplæring har vore eit satsingsområde gjennom mange år – og aldersspekteret er 0-18 år!

Me skil mellom kontinuerlege tiltak som er t.d. søndagsskule, kor m.m og breiddetiltak i trusopplæringa. Det har tradisjonelt vore god oppslutning om trusopplæringsarbeidet i Fusa,

men oppslutninga har dalt jamt. Det er ei stor oppgåve å skape medvit hos foreldra om at dåp og opplæring høyrer uløyseleg saman, slik at deltaking i trusopplæringa kan verta normalisert for alle døypte.

I 2022 har me hatt ein del vakanse på trusopplæringsstillingar. Dette har gjort at det har vore utfordrande å få tiltak opp å gå igjen etter pandemien. Ein har freista å slå saman fleire breiddetiltak og fleire årsklassar i tiltaka for å få nok påmelde til gjennomføra tiltaka.

Alle døypte barn i Fusa får ein lokalt tilpassa **dåpsperm og CD** med lokale song- og musikk-krefter.

**Musikk frå livets begynnelse** (0-2 år) vart delvis gjennomført både inne og ute i vinter og i haust. Små fødselskull i Fusa-bygdene gjer at tal aktuelle barn er få.

**3 år** – Pakke med adventskalender.

**4 år** – Utdeling av Barne-Bibel i kvardagsgudsteneste i lokalkyrkja.

**5 år** – samtidig med 4-åringar. Utdeling av korssmykke.

**Dåpskule for 6-åringar** vart gjennomført i fleire bygder med bra deltaking våren 2022.

**Konfirmantåret** – eit omfattande tilbod til alle 14-åringane. 40 ungdommar vart konfirmerte i mai 2022, og 43 starta på nytt konfirmantår til hausten.

**13-18 år** – Ungdomsgudstenester


Alle som har eit **års dåpsdag** får tilsendt «God-natt»-plakat og **to års dåpsdag** spisebrikke.

*Av kontinuerlige tilbod i 2022 kan nemnast:*

**Ungdomsgudstenester** var i 2022 ope for alle, men samstundes ein del av konfirmantopplegget. Det er viktig med denne typen gudstenester som i form er veldig annleis enn høgmessa.

**KLUBBEN** for tweens 5.-8.klasse har hatt stort oppmøte i 2022, ca. 20 i snitt i vårsemesteret og 40 i snitt i haustsemesteret. Eit viktig tiltak

som ved utgangen av 2022 manglar både hovudleiar og leiarar generelt.



**Fjordn`n barnekor** har god oppslutnad og fyller stadig bedehuset med song og liv.

**Fusa Soul Children** hadde gudsteneste-prosjekt hausten 2022.

**Songbuketten**, ein blanding mellom barnekor og barnelag, har jamt godt oppmøte og er eit viktig tilbod for barn i søre Fusa.

**Søndagsskulen** i Fusa kyrkje under høgmessa har vore i drift i 2022, men det er særst få barn som kjem på regulære gudsteneter i Fusa kyrkje så dette tiltaket blir lagt på is førebels.

**NOAH**, friluftsklubben for gitar 5.-8. klasse, har i mange år hatt flinke og dedikerte leiarar og bra oppmøte av deltakarar. Eit strålende tiltak som har betydd mykje for ein heil del gitar i mange år.



*Friluftsklubben NOAH på Klenaneset 2022*

## D. Diakoni

Diakoni er kyrkja si omsorg for medmenneske. Fordi Gud har elska oss først.

Diakoni-arbeidet spenner over heile arbeidsfeltet til soknet, inn i alt me gjer. Fusa frivilligsentral, som soknet eig, vart starta opp som ein del av soknet si diakonale teneste.

**Matgåve-Matglede:** Samarbeid mellom kyrkja, frivilligsentralen, Nav, Fjord'n Senter/lokalt næringsliv:

Meir enn 30 matkassar med julemat vart delte ut til personar og familiar som hadde meldt behov. Både behovet og givargleda var rekordstort i 2022.



*Frivillige pakkar matkassar til jul*

I samband med minnegudsteneste delte **Diakoniutvalet** i kyrkjelyden ut lys og helsing til pårørande etter dødsfall siste året.

Gjennom gravferd vert det utført diakoni, men det meste av diakonien er uorganisert gjennom einskildmenneske som stiller opp for andre. Dette skjer gjerne gjennom frivilligsentralen sitt arbeid og gjennom barne- og ungdomsarbeidet. Det er særleg grunn til å peike på frivilligsentralen sitt store arbeid i dette.

Frivilligsentralen har eiga årsmelding som syner deira store breiddeengasjement. Ein vil her også nemne Bruktbuo og arbeidet som spring ut derifrå – viktig nettverksbygging – og inntekter derifrå kjem både brannskadde born i Etiopia til gode og det kristne barne- og ungdomsarbeidet lokalt.

**Besøksteneste** - I samarbeid med frivilligsentralen har ein tilbod om besøksteneste. Lokalt er truleg einsemd mellom gamle og sjuke den største diakonale utfordringa me har.



*Utdeling av varmeomn til trengande i Ukraina*

**Naudhjelp** – Det mest kjende er den årlege fasteaksjonen til **Kirkens Nødhjelp**, som i 2022 gav vel 58 000,- kr.

I tillegg har Fusa sokn samla inn vel 60 000,- til hjelpearbeid i **Ukraina**, gjennom solidaritetskonsert, gåver og at 20% av kyrkjeoffera i 2022 gjekk til dette føremålet.

Fusa sokn var òg med på å organisera innsamling og sending av klede, mat og utstyr til Ukraina i den første fasen av krigen.

**Institusjonstenester** - Det vart gjennomført 60 institusjonsandaktar og mange besøk til enkeltpersonar på institusjonane.



I 2022 kom det ein del Ukrainske **flyktingar** til Fusa. Nokre av desse har vore med på gudstenester eller anna. Me når gruppa av flyktingar mest gjennom frivilligsentralen sitt arbeid.

**Vigsel.** Det var 5 vigslar i 2022.

**Gravferd.** Det var 37 kyrkjelege gravferder i 2022. Gravferdene er såleis ein vesentleg del av dei kyrkjelege tilsette si teneste.

## E. Misjon

Frå sommaren 2016 har Fusa sokneråd også engasjert seg i arbeidet for å hjelpe brannskadde born i Etiopia – gjennom **Children Burn & Wound Care Foundation (CBWCF)** og dr Einar Eriksen sitt arbeid. I 2022 hadde me storaksjon, **Walk and Run**, i tillegg til stort engasjement for dette føremålet blant gjengen i Bruktbua. Til saman har Fusa sokn bidrege med vel kr. 520 000,- til CBWCF i 2022.



*«Walk & Run» 2022: Det skal ikkje stå på prestemangel i Fusa i tida som kjem!*

Frå 2012 har me hatt eitt, samla misjonsprosjekt i Fusa – elevstipend til studentar ved **Tabor utdanningscenter** i Hawassa i Etiopia. Dette gir ungdom som elles ikkje ville hatt høve til det – eit Bibelskule- og utdanningstilbod. Frå 2016

har Fusa kyrkjelyd dessutan finansiert skulepengane til to studentar ved Tabor Utdanningscenter. Det vart samla inn om lag kr.30.949,- til elevar og studentar i 2022 (kr. 26399,- i 2021, kr.15.094,- i 2020 og kr.28.500,- i 2019).

## F. Anna kyrkjelydsarbeid

**Forbønsteneste** – Fusa sokn har eigen bønkontakt som enkeltmenneske kan ta direkte kontakt med for forbøn.

Bønkontakten har eit bønenettverk som blir involvert når enkeltmenneske ønskjer det. Sjølv sagt kan ein også ta kontakt med prest eller andre i kyrkjelyden som ein har tillit til – om det er ønskje om forbøn. Forbønstenesta er aktiv.

Det er **faste bønnesamlingar** annankvar onsdag frå kl 17.30 til 18.00 på forskjellige stader i kommunen; Foer bedehus, Nordtveit bedehus, Eikelandssosen bedehus og i Hålandsdalen kyrkje. Viktige samlingar der ein regelmessig ber for og velsignar det som skjer i dei forskjellige bygdene.

**Kveldsbibelskule** – Som i 2021 har ein i 2022 arrangert undervisningskveldar på Eikelandssosen bedehus, ein onsdagskveld i månaden. Sokneprest Einar, kapellan på Os Anette-Emilie Gangstø og kyrkjelydspedagog Norunn Rød Markhus har undervist. Tilbakemeldingane på dette tiltaket er veldig gode.

Ein onsdag i månaden arrangerer soknet **Bibel, Bøn og Lovsong**. Dette har lang tradisjon hos oss, og med andakt, lovsong og bønvandring i litt meir uformell setting enn gudstenestene er, er dette gode samlingar med god deltaking.

**Bibel- og samtalegrupper** – der er nokre bønne- og samtalegrupper i sving i kyrkjelyden. Desse er ikkje organiserte av sokneprest/stab.

#### **Kvinnernes Internasjonale bønnedag -**

Kvinnernes Internasjonale bønnedag er første fredag i mars kvart år. Dette har vore markert i Fusa i mange år. I 2022 hadde ein samling i Eikelandsosen bedehus. Dette er eit økumenisk tiltak.

#### **Felleskyrkjeleg arbeid**

Soknet har godt samarbeid med kristne lokale lag og organisasjonar; m.a. bedehus, barne/ungdomsklubbar og kor.

#### **Kyrkjemusikk 2022**

Ved ein del gudstenester hadde kantor ansvar for innslag av lokale kor eller solistar. **Kyrkjekoret** var med på nokre av dei. Koret «**Sine Nomine**», også leia av kantor, deltek òg på gudstenester m.m. Elles vart det m.a. arrangert 4 julekonsertar i kyrkjene våre, solidaritetskonsert for Ukraina, minikonsert med Fjord'n barnekor, jubileumskonsert for Fusa kyrkje 60 år og gospelkonsert med Vossagospel.



«Vossagospel» heldt konsert for oss i Fusa sokn i 2022 – og dei kjem att i 2023.

#### **Informasjon**

Fusa kyrkjeblad vart gitt ut 6 gongar i 2022. Dessutan er ein bevisst bruken av lokalmedia med annonsering og informasjon. Kyrkjelyden er aktiv på Facebook, - søk opp Fusa sokn. Ein har også bygd opp ein base der ein sender ut SMS 1-2 gongar pr veke. Der er om lag 170 mottakarar av SMS ved årsskifte. Fusa sokn har og ei nettside på Den norske kyrkja sin plattform. Søk på: [www.kyrkja.no/fusa](http://www.kyrkja.no/fusa).

#### **G. Samarbeid skule, barnehage og kyrkje**

Det har vore eigen plan for samarbeidet skule – barnehage – kyrkje – som er vedteken av gamle Fusa kommune og sokneråd. Det er starta arbeid med ny plan for heile Bjørnafjorden kommune, men arbeidet har stoppa opp p.g.a. prioriteringar hos kommunen.

I Fusa sokn tilbyr me enn so lenge tiltak til skular og barnehagar, alt etter sesong og vår kapasitet.

Kyrkjelydspedagogen hadde våren 2022 samarbeid med fortidsminneforeininga om besøk i **Holdhus kyrkje** for alle 2., 3. og 4.klassingane i Fusa. Responsen var god – alle skulane blei med. Dette var suksess og vert sannsynlegvis vidareført.

#### **H. Medarbeidarskap**

Tal uløna medarbeidarar har vore stabilt omlag 140 dei seinare åra. Desse saman med dugnadsfolk reknar ein med *utfører to til tre årsverk* kvart år. Men me ser at det er større og større utfordring å få frivillige medarbeidarar som kan gå inn å ta leiaransvar, og å binde seg over tid! Medarbeidarskap har over tid vore eit av satsingsområda til soknerådet. 2022 var frivillighetsåret i Norge, og Fusa sokn hadde presentasjon av lokale frivillige på

facebook kvar måned. Det er registrert om lag 50 frivillige medarbeidarar som på rundgang tok del i førebuing og gjennomføring av gudstenester i soknet. Norke frivillige deltek i trusopplæringsarbeidet og i barne- og ungdomsarbeidet generelt, tillegg kjem frivillige som tek del i det diakonale arbeidet, familie-mix, komité- og utvalsarbeid, og anna arbeid som t.d. kakebaking og kyrkjeskys.

Soknerådet vedtok i 2022 ny «Plan for medarbeidarskap» med fokus på dei uløna medarbeidarane. Planen gjeld for perioden 2022-2025. I 2022 vart desse særskilde tiltaka for og saman med frivillige medarbeidarar gjennomført:

- Utdeling av Bibelleseplan for kyrkjeåret des. 2021 – nov. 2022
- Invitasjon til konsert med Vossaagospel.

### **Utval**

Soknerådet har formelt oppnemnd 8 fagutval, 5 kyrkjeutval og 1 gudstenesteutval. Ein god del av fagutvala har ikkje fungert dei seinare åra, og ein har kanskje arbeidd meir med ressursgrupper. Alt utvalsarbeid er frivillige tenester. Soknerådet har dessutan oppnemnt ulike kontaktpersonar, m.a. til forbønsteneste og Kirkens Nødhjelp.

### **J. Soknerådet sin økonomi**

Årsmeldinga viser til budsjett og rekneskapsrapport for 2022. Fusa sokneråd har etter tilhøva tilfredsstillande økonomi, p.g.a. at ein har litt reservar på bok. Men desse små reservane forsvinn fort viss ein må tæra på dei fleire år på

rad. Difor er det viktig for soknet å halda oppe fokuset på gjevarteneste og at det er kyrkjelyden i lag som held aktivitetsnivået på eit høgt nivå gjennom gåver og engasjement.

Og fusingane har bidrege godt i 2022 òg:

- Elevstipend Tabor inkl studentane Kassa og Shimelis: kr. 30.949,-
- Brannskadde born i Sør-Etiopia: ca kr. 520.000,- inkl overkott frå Bruktbuo
- Diakoni i Fusa: kr. 155.000,-
- Kirkens Nødhjelp: kr. 58.000,-
- Eksterne offer: kr. 117.099,-
- Offer til kyrkjelydsarbeidet: kr. 33.766,-
- Offer til barne- og u.arbeidet: kr. 58.527,-
- Gåver til barne- og u.arbeidet: kr. 138.000,- inkl. overskot frå Bruktbuo
- Kyrkjeblad: kr. 73.500,-

*Fusa sokneråd har hatt tradisjon for å vere blant dei kyrkjelydane i Noreg som har samla inn mest midlar (pr innb) til både eksterne og interne føremål, kanskje også i 2022?*

### **K. Organisering og endringar**

Administrativt og personalmessig har det vore nokre endringar i 2022: Norunn Rød Markhus har redusert stilling til 40% 2. halvår 2022. Kyrkjelydsarbeidar Eirun Fonneland avslutta si teneste 1. desember 2022. Victoria Dale gjekk 6. des. 2022 ut i eit års fødselspermisjon; Hildegunn Myrliid Eide vikarierer på frivilligsentralen i denne perioden.

Fusa sokn avslutta såleis 2022 med vakanse i fleire stillingar.

### **Fusa sokneråd 2019-2023**

Fusa sokneråd 2019-2023 består av: Bodil Samnøy, Roald Samnøy, Sigbjørn Sundfjord, Toril Hjartåker Hauge, Lars Erik Dalland, Olaug Elise Mjelde, Roger Hoel og

Stina Samnøy Skare (til febr.2022).

Varamedlemmer: Britt Mari Gjerde (fast medlem frå febr.2022), Jan Ole Høiby Hansen, Øyvind Nordbø, Samson Øpstad og Marte Hafstad-Johansen.

Sigbjørn Sundfjord har vore leiar og Olaug Elise Mjelde nestleiar for Fusa sokneråd i 2022. Soknerådet har vald to medlemmer til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, Roald Samnøy og Lars Erik Dalland. Desse er valde for fireårsperioden. Jon Håkon Øen frå Os er leiar for fellesrådet.

## L. Fusa sokn framover

Gud til ære – fusingar til gagn!

Det er det me er kalla til som kyrkjelyd.

Då må me be om at vårt arbeid og det me legg til rette for i Fusa, byggjer Guds rike.

Me ynskjer å styrka alle deler av arbeidet vårt, men kanskje må me ta nokre viktige prioriteringar og. Guds ord til oss er det same uansett og kallet vårt er å følgja han og gå ut i heile verda med evangeliet. Til og med til Fusa-bygdene.



Eikelandsosen 22.02.2023

Hans Einar Markhus  
Dagleg leiar Fusa sokn

## Me bed om

- *Vekst i kyrkjelyden vår*
- *Gode, trygge fellesskap i kyrkjelyden vår*
- *Eit disippelgjjerande barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelyden vår*
- *Eit sterkt misjonalt fokus i kyrkjelyden vår*
- *Diakonal tanke og handlekraft i kyrkjelyden vår*
- *Ei evangelisk og styrkjande forkynning i kyrkjelyden vår*
- *Å få vera ein inkluderande kyrkjelyd.*

Sigbjørn Sundfjord  
Leiar Fusa sokneråd